

Vestlandsrådet i NTP møte med stortingspolitikarar

Vestlandsrådet fekk synleggjort kva utfordringar som dei tre fylka ser med forslaget til ny Nasjonal transportplan (NTP).

Onsdag møtte Vestlandsrådet stortingsrepresentantar frå dei tre vestlandsfylka Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal. Målet med møtet var å fremme ein konstruktiv dialog mellom Vestlandsrådet og dei inviterte stortingsbenkane for å sikre at Nasjonal transportplan på best mogleg måte reflekterer og tener regionane sine felles interesser.

– Det var eit godt møte der vi fekk peikt på felles utfordringar med NTP-forslaget. Felles for fylka på Vestlandet er underfinansieringa av fylkesvegane, underfinansieringa av ferjedrifta og ferjefri E39, seier leiar av Vestlandsrådet, fylkesordførar Anders Riise frå Møre og Romsdal.

– Det som er sett av til fylkesvegane er berre nok til å dekke utviklinga i anleggskostnadane og auken på driftskostnadane, så det er ikkje ei reell auke. Vi fekk adressert underfinansieringa av ferjedrifta. Og så fekk vi peikt på utviklinga for ferjefri E39. Fleire prosjekt er lagt i ei utviklingsportefølje. Det er veldig skuffande fordi då Stoltenberg-regjeringa vedtok dette i 2013, så var det i forståing av at Austlandet skulle få Intercity-utbygginga på tog, mens Vestlandet skulle få ferjefri E39. Det handla ikkje berre om krysse fjordane, men og om vegane mellom fjordane. Forslaget i NTP syner ei altfor dårleg utvikling. Mens Intercity har fått store midlar, er ferjefri E39 relativt avgrensa, seier Riise.

Han minner om bakgrunnen for etableringa av Vestlandsrådet:

– Rådet vart tufta på fellesutfordringane, og den viktigaste saka var nettopp at vi skulle samarbeide om felles veg gjennom det som den gong var fire fylke, for å auke verdiskapinga langs kysten. Det handlar om næringsutvikling også – og trygge vegar, seier Riise.

[Vestlandsrådet](#) har 18 medlemmer, og er sett saman av fylkesordførarane, fylkesvaraordførarane og fire medlemmer frå kvar av fylkestinga i Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland.

Kontaktpersonar:

- Anders Riise, fylkesordførar Møre og Romsdal og leiar av Vestlandsrådet, telefon 99 50 93 55
- Jon Askeland, fylkesordførar Vestland, telefon 47 45 97 20
- Ole Ueland, fylkesordførar Rogaland, telefon 92 61 21 03

Foto: Lasse Anke Hansen, Vestland fylkeskommune

Leiar av Vestlandsrådet, Anders Riise, legg fram utfordringane knytt til NTP i dei tre vestlandsfylka for stortingsrepresentantar frå fylka. Med seg har han til venstre fylkesordførarar Jon Askeland, Vestland og til høgre Ole Ueland, fylkesordførar Rogaland.